



Radøy Idrettslag

Slettevegen 815, 5939 Sletta

Sletta 30.oktober 2018

## **Radøy kommune**

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

## **Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning – Radøy Idrettslag**

**Anlegg:** Garderobebygg Austmarka

**Anleggsnummer:** 73562

Syner til søknad dagsett 26.09.2018, og vidare til melding om manglar/informasjon om universell utforming dagsett 26.oktober 2018.

### **Tillegg universell utforming:**

Tilrettelegging av bygget for personar med nedsett funksjonsevne:

Bygget vert bygd på eit plan, - med direkte tilkomst frå asfaltert plan utanfor bygget -, i plan med innvendig plan.

Dørrar inn har terskel som er tilpassa for rullestol og det er utvendig brytar for opning av dørane. Brytar vert plassert i godkjent høgde for rørslehemma.

Alle innvendige dørrar vert malt i farge som er annleis enn veggfarge.

Det vert sklisikkert golvbelegg i alle rom. Det vert markering i golv, som viser veg til område som er særskilt tilpassa rørslehemma: garderobe, dusj, HWC og dommargarderobe.

I garderobe/dusj for rørslehemma vert det også merka kor eigen dusj, med dusjgarnityr for rørslehemma, er, og benkar, knaggar og spegl vert montert i høgde som er tilpassa for rørslehemma.

I rom med dusj for rørslehemma vert veggjen bak dusjgarnityret markert med annan farge enn veggjen elles.

I HWC vert toalett, servant og nødvendig utstyr som knaggar, spegl og handtak montert etter dei reglar som gjeld.

I dommargarderobe vert det eige dusjgarnityr for rørslehemma og her vert og benk, knaggar, spegl m.m. montert etter dei krav som gjeld.

Det vert montert skilt på plassar som er nødvendig ut frå dei krav som gjeld for rørslehemma.

Med venleg helsing

Olav Steinar Namtvedt(s), Styreleiar RIL